

## Bygging av tilkomstveg til gnr. 31 bnr. 16 i meland.

### Skildring av tiltak.

Eigar av gnr. 31 bnr. 16 i Meland Britt og Asbjørn Borge har i sak UDU 063/16 i Meland kommune fått dispensasjon frå arealdelen i Plan-og bygningslova for bygging av tilkomstveg frå kommunal veg (Gripavegen) til deira fritidseigedom gnr. 31 bnr. 16 Gripavegen 62.

Entreprenør Leif Harald Olsvoll har påtatt seg å gjennomføre tiltaket og har søkt om løyve til det.

Tiltaket er ein enkel tilkom stveg i ei lengd av 35m og med snu-og parkeringsplass på tomta. 28m av vegen ligg på eigedomen gnr. 31 bnr. 4,7 eigar Kåre Håtuft som har gitt vegrett over sin eigedom. Vegen får ei køyrebanebredde på 3,0m og med ei skulder på kvar side på 0,25m. Vegskråningar 45 grader eller slakare. Vegen vil bli bygd opp på vanleg vis med komprimert fylling, kult og topplag. Toppekke blir enten grus eller asfalt.

Vegavkøyringa vil få frisiktlinjer på 10x 30m. Avkøyringsradius mot kommunal veg blir 3,5m. Lengdeprofilen vil vera eit fall frå kommunalveg dei første 5 metrane på om lag 50 cm , deretter eit fall på 1:8 frå kommunal veg og fram til pel 25. Resten av vegen fram til snu-og parkeringsplassen får ei svak stigning på 1: 100.

Størseparten av vegen vil vera fylling. Fyllingen vil vera tilkøyrtte massar.

Før fylling skjer vil jordmassar under vegen bli gravd av og etterpå tilført vegskråningane slik at veganlegget glir best mogeleg inn i terrenget.

Boniteten er delvis dyrkbar jord og beite. Vegen ligg i utkanten av jordbruksarealet og delvis inn mot grensa til fritidseigedomen gnr. 31 bnr. 15 utan at denne eigedomen direkte blir råka av tiltaket.

Avkøyringsløyve frå kommunal veg er gitt.

Frekhaug 07.05.14.

Leif, Harald Olsvoll.

